

Årsmelding damelaget 2012

Som i dei siste åra hadde vi eit 7ar lag i 4.divisjon. Vi slo saman dame og jentelag for å ha nok spelarar og hadde dermed eit ungt lag. Damene har vore pliktoppfyllande med treningsoppmøte og ivrige på treningane. Samla sett har dette gjeve resultat. Spelemessig har vi vore gode samanlikna med dei laga vi har møtt. Damene har spelt fin og underhaldane fotball gjennom heile sesongen. Tonen i laget har vore svært positiv, miljøet godt og spelarane skal har ros for å vere gode ambassadørar for dalefotballen.

Serien var 2-delt og vi hevda oss godt i vårsesongen. Ein tynn stall og skader/forfall gjorde nokre av høstkampane tunge. Ros til jentene for å ta dette positivt.

Årets spelar, kåra av spelarane sjølve, vart Ingvill Solås. Ota Garre-Fivelsdal vart kåra til årets mest framgangsrike spelar av trenarane. Desse utmerkinga vart utdelt på fotballfesten.

På laget spelte: Kristiane Haugen, Ingrid Hovland, June Solås, Sandra Brattelid, Lisa Lykkebø, Gina Garre-Fivelsdal, Kristin Solås, Ingvill Solås, Amalie Myklebust, Sandra Sørebo, Margrete Stølen Skår , Nathali Nese, Stine Høydal, Åsta Johanne Sætenes
Trenarar & lagleiarar har vore: Ståle Haugen og Hugo Fretland.

Vårserie

1 Sogndal	5 15
2 Dale	5 9
3 Hafslo	5 7
4 Høyang 2	5 6
5 Årdal /Jotun/ÅTIL	5 4
6 Eikefjord	5 3

Høstserie

1 Sogndal 2	6 15
2 Hafslo	6 9
3 Årdal /Jotun/ÅTIL	6 6
4 Dale	6 6